

Årsmelding 2023

For Normisjon Møtepunkt B



Dette er årsmeldinga til Normisjon Møtepunkt B for arbeidsåret 2023.

Styret for Normisjon Møtepunkt B

Anita Sande	styreleiar	valt 21.03.2023
Geirmund Kvamme	nestleiar	valt 22.09.2021
Kjell Magne Birkelund	kasserar	valt 22.09.2021
Geir Eide	styremedl.	valt 21.03.2023
Magnhild Husevåg	1. vara	valt 21.03.2023
Kristina Thomasgaard	2. vara	valt 21.03.2023

Vegard Tennebø møter også i styre som sekretær i kraft av stillinga som forsamlingsleiar i 20%.

Styret har hatt 6 møter og handsama 33 saker.

Generelt om året



Sjølvs om 2023 var prega av uro og usikkerheit i verda, har året for Møtepunkt B vore prega av stabilitet, arbeidsro og stor aktivitet. Det kjennes som om vi har modnast som fellesskap i det vi har lagt det 6. driftsåret sidan vi starta i 2018 bak oss. God og jamn drift på gudstenesteavvikling med godt besøkte gudstenester er no etablert som normalen for Møtepunkt B.

Det er gledeleg at det alltid er nye fjes å sjå. Vi har hatt ein vekst i antal smågrupper i år og har fått oppleve at nye er komne til tru på Jesus. DET er fantastisk og ein viktig påminnar om kva Møtepunkt B dreiar seg om:

Jesu Kjærleik for våre bygder, gjennom våre liv!

2023 var også jubileumsår. Vi markerte 100 år sidan Sandane Bedehus vart bygd og vigsla. Første helga i november var eit høgdepunkt med både basar, festgudsteneste, bøn & lovsongskveld og ei kveldssete med Sogelaget.

Det har også skjedd store og gode endringar med bygget og det er investert betydelege summar og lagt ned mange dugnadstimar.

Møtepunkt B er eit fellesskap som i høgste grad er felles skapt. Eit stort apparat av frivillig innsats, koordinering og tilrettelegging er i gang for å drifte det vi som fellesskapet driv med. Gjennom ulike tenester er ca. 50 frivillige med å ta del i fellesskapet og løftar i flokk. Sånn skal det vere og må det vere. På denne måten kan vi engasjere mange og la fleire ta del i og eigarskap i det store «vi-et». Slik vil vi alltid vere opptekne av å rekruttere og invitere inn i teneste, og vi treng den enkelte sitt engasjement og kvarandre sitt nærvær.

Takk Gud for hans nåde og for at han har halde si vernande hand over oss.

Leiargruppa

Leiargruppa i Møtepunkt B har i år, som i fjor bestått av Gunhild Gimmestad, Andreas Tjomsland, Ørjan Brunstad og Vegard Tennebø.

*Gunhild Gimmestad
Ørjan Brunstad
Andreas Tjomsland
Vegard Tennebø*

*barn
medarbeidaransvarleg
smågruppearansvarleg
leiar*



Leiargruppa møtes ca. ein gong i mnd. Til bøn for Møtepunkt B og for det vi står i som menighet og til praktisk arbeid for å drive og utvikle fellesskapet vidare. Ein utruleg dedikert og engasjert gjeng som gjer ein enorm innsats for at vi skal vere det menighetsfellesskapet vi er.

Aktivitetar

- 26 gudstenester
 - 6 Alle Saman Saman
 - 1 dåpsegudsteneste
 - 1 jubileumsgudsteneste
 - 1 felles pinsegudsteneste, TIN Camp
 - 1 felles gudsteneste Åpne Dører
- Møtepunkt Ung
 - 15 onsdagskveldar på bedehuset
 - 10 kveldar med Heim og Hall
 - 1 tur til Førde
- Bønn for Bygda (mars)
 - 5 Bønmøter på bedehuset
 - 1 Bønnevandring i TIN Camp
 - 1 Bøn og lovsongskveld
- 2 bøn og lovsongskveldar
- 1 seminar med Runar Liodden: Tru, barn, heim og menighet
- 2 dugnadsdagar i mai/juni
- 1 foreldremøte for Møtepunkt Barn
- 1 sommaravslutning for medarbeidarar Juni
- 1 menighetsweekend på Fjordly i september
- Soulchildrenøvingar på torsdagar
- 1 jubileumsbasar (november)
- Kveldsete med sogelaget, jubileum (november)

I løpet av året hadde vi:



Møtepunkt Barn



Møtepunkt Barn har i 2023 hatt 16 barnegudstenester og 6 Alle Saman, Saman gudstenester.

Vi deler gruppa i to, og har barnegruppe og tweensgruppe. På gudstenestene har det snitt vore om lag 15 barn på barnegruppa, og 8 i tweensgruppa.

Barnegudstenestene har blitt gjennomført med andakt, song, lek og hobbyaktivitet. Tweensgudstenestene har stipendiatar ved Nordfjord folkehøgskule hatt ansvar for; dei har hatt andakt, samtale og refleksjon, song og aktivitet. Vi jobbar med at borna skal få knyte relasjonar til kvarandre og ha det godt i lag når dei får lære om kven Jesus er og kva han betyr for oss.



For å styrke barnearbeidet arrangerte vi i april eit seminar med Runar Liodden. Dette var hans første tur i kraft av å vere nyttilsett dagleg leiar i Acta, barn og unge i Normisjon. Acta lokalt og Normisjon regionalt var også invitert med på dette seminaret. Temaet for seminaret hans var den viktige samanhengen mellom heim og menighet i trusformidlinga til barna. Dette seminaret vart følgt opp med eit foreldremøte i juni for å mobilisere til eigarskap i barnearbeidet vårt og ein taleserie om borna sin plass i fellesskapet.



Møtepunkt Ung



Møtepunkt Ung er eit opplegg for ungdomsskule- og vidaregåandelevlar. Det har mål om å vere eit lågterskel møtepunkt for ungdom med tydeleg trusformidling.

Vi har hatt 15 onsdagskveldar med Møtepunkt Ung før sommaren. Dette var i all hovudsak onsdagskveldar på bedehuset. I snitt var det 5-6 personar med på kveldane. Vi hadde sommaravslutning i Førde med bowling og pizza. Etter sommaren starta vi opp med Hall og Heim, eit opplegg der vi annakvar søndag var i Trivselshallen og hadde aktivitet, og annankvar søndag heime hjå nokon.

Vi har hatt 5 kveldar i hallen og 5 kveldar heime hjå nokon. I tillegg hadde vi ein heil dag i Kandalen med mat og aktivitetar. Oppmøtet har variert utover hausten med eit snitt på 6-7 ungdommar. Vi har i haust samarbeidd med Thomas og Sara Kandal Nordvoll. Dei er engasjert i Sion og vi driv ungdomsarbeidet saman med dei. Det har også vore andre vaksne involvert i arbeidet. Vegard og Inger Johanne Blikra Fagerlid har vore leiarane frå Møtepunkt B.

Vi leitar framleis etter ein god måte å nå fleire ungdommar på, og opplever ikkje at vi heilt har lykkast med dette så langt. Vi har liksom ikkje truffe heilt blink, ennå. Den erkjenninga er ingen kritikk av dei som har brukt mykje tid med dei ungdommane som faktisk har møtt opp, men eit uttrykk for ein nød om å gje Jesus til ungdommane. Dette er både bønneemne for oss og ei utfordring til oss. Gløppen har ikkje noko stort kristent ungdomsmiljø i dag, og behovet for det er absolutt til stades.



Sandane SoulChildren



gathering i operahuset på Nordfjordeid med dei andre kora i fjorden.

Sjølvs om Sandane Soulchildren har ei sjølvstendig rolle i høve Møtepunkt B, ser vi det som vårt kor. Dei øver på bedehuset på torsdagar og er med på gudstenester nokre gongar i semesteret. I tillegg har dei delteke på gudstenester i Dnk. 10-20 koristar ifrå 10-16 år har vore med. Årets høgdepunkt for gjengen var Soulchildren-

Bøn for bygda

I mars inviterte vi til ei bønneveke for Gloppen. Bønemøte på morgonane og ulike møter prega av bøn på kveldane. Fleire frå andre menigheter i Gloppen møtte opp på dette og vi vart ein fin gjeng som samlast til bøn for Gloppen; skulane, barnehagane, næringslivet, politisk leing og nabolag og grendelag m.m.



Smågrupper og tema

Smågruppene våre er ein sentral og viktig arena for disippelgjering og fellesskap. Desse små, tette fellesskapa er hender og føter i omsorga for kvarandre, landingsplass for enkeltmenneske der ein får komme i kontakt med både bibelens Ord til oss og ein samtale om kva dette betyr i kvardagslivet. Ikkje minst får ein sette egne ord på både tru og tvil og kjenne at ein vert sett og teke imot. Vi lagar smågruppeopplegg til kvar taleserie som vi har og dermed skapast ein samanheng mellom det vesle smågruppefellesskapet og det store gudstenestefeirande fellesskapet. I løpet av hausten 2023 vart det lagt ein innsats i kartlegging av gruppene og det vart starta 2 nye grupper. Vi er no 9-10 grupper som samlast regelmessig i heimar. Tematisk har forkynninga og desse gruppeopplegga i 2023 handla om det kristne livet som ei vandring med Jesus, der Gud er far og vi born. Den vandringa gjer vi med den Heilage Ande i hjartet og med menigheten som vår nye familie.



Menighetsweekend på Fjordly



Første helga i september reiste 70 stykk på leir saman på Fjordly. Vi nytta faktisk absolutt alle rom, og var 10 stk. fleire enn året før. Som talar hadde vi med oss Jann Even Andresen, pastor i Norkirken Trondheim som underviste om menigheten som Guds familie. Dette vart ei fantastisk helg med avkopling, fellesskap, åndeleg påfyll og liv og latter. Det er så godt å kjenne at vi har tid til å prate, leike, bade, grille, ete måltid og berre nyte fellesskapet. Det å reise på leir saman er ein skikkeleg boost for samkjensla og stadfestar at vi høyrer saman. Og at trivselen er høg i alle aldrar er berre heilt nydeleg. Spesielt sterk vart delekvelten på laurdag der vi fekk både dele og be for og med kvarandre, syngje lovsong og vere saman med Jesus. Vi avslutta med gudsteneste på Fjordly på søndagen før vi reiste heim. Ei fantastisk helg vi levde lenge på!

Jubileumshelga 3.-5. november



Første helga i november 1923 var Sandane bedehuset vigsla. Indre Gloppefjord Indremissions Foreining, som bestod av 19 medlemmar, samla inn midlar og stod for bygginga av det huset vi i dag kallar vår heim. Vi står i ein stolt tradisjon og i ein lang kjede. Dette fekk vi markere på jubileumshelga, både på ein måte som feira det vi får vere og gjere i dag, men også med respekt og anerkjenning av dei som har gått føre oss. Det kjendest verdig og rett å stoppe opp og vere takksame for at vi 100 år etter at bygget stod ferdig, framleis får fylle det med åndeleg liv og innhald, slik intensjonen med bygget var.

Fredag hadde vi **bøn og lovsongskveld** med fullt band og fullt trøkk. Det var bønnevandring og vi fekk både feire og takke og markere kor viktig songen og musikken har vore for fellesskapet som har samlast her i desse 100 åra.



Laurdag var det **jubileumsbasar** med fulle hus og åresal og lotteri og eit bugnande kakebord. Vi fekk helsingar frå ordførar og sokneprest og det yra av liv på bedehuset. Fantastisk kjekt for store og små.



Søndagen feira vi ei heidunrande **jubileumsgudsteneste** med helsingar frå regionleiar i Normisjon og frå soknerådsleiar.



På kvelden hadde vi, i samarbeid med **Gloppen Sogelag ei Kveldssete**, der Andreas Tjomsland sette vårt bedehus inn i ein vidare historisk og geografisk kontekst og Olav Eikenæs tok oss inn i den særskilde historia til Sandane Bedehus, med hendingar og eit eige persongalleri av engasjerte og visjonære menneske som brann for å formidle evangeliet om Jesus.

Så var det ekstra stas for oss at Firda Tidend gav oss god pressedeckning og store oppslag.




Bygget vårt: Bedehuset og fasilitetar

2023 vart året der nokre krafttak vart gjort for bedehuset og det er investert store ressursar i utbetringar og nyutviklingar som gjer bygget betre å bruke, ikkje berre for oss, men også for andre potensielle grupper. Det har vore ein fantastisk stor dugnadsinnsats for å få dette til, kombinert med noko bruk av fagarbeidarar der slikt er påkrevd. Frå sommaren av har vi loggført 233 timar med dugnadsarbeid, men det totale talet for heile året er minimum det dobbelte. Tusen takk til alle som har bidrege.




Ny scene og straumkanalar




I løpet av februar slutførte vi prosjektet med å legge nye el-kursar og kabelkanalar i storsalen og scena som vart utvida i desember 2022 fekk teppeflis og svarte lister. Veldig fint å kunne vinke farvel til synlege straum - og lyd kabelrot langs alle veggjar. Scena vart med dette også utvida og gjer ho meir anvendeleg. Den andre projektoren vart også montert opp og no er det skjerm på kvar side av scena. Vi fekk også 3 nye omnar langs veggjen på sørsida, gjeve av ein gjevar. Flott og stor gåve.

Maling og Kjellarstova



Kjellarsalen har også fått eit løft ved at den hysteriske grønffargen som brukte å vere der er bytta ut med ein varm, dus grønffarge og vi har kvitmåla trepanelet på nordveggen. Gangarealet oppe og trappeområdet er også malt. Alt dette er gjort på dugnad. Særleg takk til Geir Eide som har vore malemeister. Med seg har han også hatt Jan Halvor Tennebø. I kjellarsalen har vi også investert i ein ny projektor og nytt lerret og sitteputer til barna.

Nytt nattverdsbord




Vi fekk også laga nytt nattverdsbord, som stod klart i slutten av mars.


Dette står i stil til dei spile-elementa vi har innført på både scene og på bønnerom. Det er mobilt og mest av alt eit veldig flott møbel. Tusen takk til Per og Lisbeth Momrak som har laga det.



Bønnerom og HC-toalett



Ein sjeldan kombinasjon, vil mange kanskje meine. Men det er i alle fall det som har blitt til i den gamle garderoben. Det har lenge vore behov for ei betre avvikling av forbøn under gudstenestene, og fleire har kjent på at eit bedehus treng eit dedikert bønnerom. I løpet av sommaren byrja vi på dette prosjektet, der vi delte garderoben, som i utgangspunktet har vore nytta som lager/roterom, i to. Mot aust er det no blitt eit flott bønnerom; lunt, varmt og teneleg, med spilevegg - og tak, teppeflis og downlights. Vi inviterer og oppmodar til bruk av dette rommet, også utanfor søndagane. Bøn er viktig i Møtepunkt B!



Mot vest i den gamle garderoben er det no eit funksjonelt hc-toalett. Nytt golvbelegg og lyse fargar på veggane og downlights i taket. Det er også kome nye lys i taket i gangen, og dette saman med lyse veggfargar skapar ein lettare og opnara atmosfære å komme inn i. Langs veggen mellom bønnerommet og hc-toalettet kan ein henge jakker. Utanom elektriker - og rørleggerjobb, vart alt gjort på dugnad.


Universell tilkomst



Det desidert største prosjektet i 2023 var å lage universell tilkomst til bedehuset. PG-bygg gjorde denne jobben for oss, og gjennom dei fekk vi gjort gravearbeid og plana ut HC-parkering i tilknytning til rullestolrampen, som er støypt opp på nordsida. Vi vart akkurat ferdige til jubileumshelga. Vi tykkjer sluttresultatet vart veldig bra, og vi opplever no større truverd i å hevde å vere eit inkluderande fellesskap. Vi har søkt fylkeskommunen om midlar til dette. Denne søknaden er gyldig i to år og vi har fått avslag for det første året. Så vert det spennande å sjå i 2024 om vi får noko. Det vil ha mykje å seie for økonomien i dette. Det står att å byggje rekkverk og til våren skal m.a. nokre blomsterkasser få pynte opp og gjere denne delen av uteområdet enno finare.

Ny ytterdør

Den gamle ytterdøra oppe var av det slaget vi må kunne kalle oppbrukt. Låssystemet har vore farleg slitt og i tillegg til å ikkje vere særlig innbrottsikkert, har det heller ikkje vore optimalt for mange brukarar. Då eine glaset i døra knuste, vart det spikeren i kista ofr døra. Denne er no skifta ut med ei lys og fin dør med kodelåssystem. Saman med universell tilkome gjev døra eit fasadeløft for inngangspartiet vårt, som trass alt er det første ein møter når ein kjem til bedehuset.



Omnar og varme

I tillegg til dei nemnte omnane i storsalen, er det kjøpt inn og montert opp omnar i kjellarstova, pedell-leiligheten, bønneromme og på hc- toalettet. Alle omnane er kopla til nettet, som gjer at ein enkelt kan styre dei via ein app. At det ikkje krevjast fysisk oppmøte for å få god varme i heile huset, lettar mykje, spesielt gjennom vinterhalvåret.



Vegghengte monitorar i peisestova



No er det veggmonterte monitorar i peisestova, som dei som sit der med småborn kan regulere lyd på sjølve. Slik har vi ei god inkludering med både glasdører og moglegheit for å få med alt som skjer i salen, samstundes som småbarn får vere akkurat det. Monitorane har også moglegheit for bluetooth-tilkopling, som gjer at ein kan ha enkle samlingar i peisestova med tilgang til avspeling av musikk utan å sette i gang heile PA-anlegget.

Oppsummert

At desse små og store tinga har gjort krav på både innsats og ikkje minst pengar, er innlysande. 2024 vert i så måte eit rolegare år. Å koordinere dugnadsinnsats er ein stor jobb, men vi er stolte av å ha fått til såpass mange prosjekt på kort tid og takksame for alle som bidrog med smått og stort. Vi har tru på at alle utbetringar vil bidra til at fellesskapet kan blomstre vidare. 2023 var jubileumsår, og styret tok dette som ei anledning som det er lenge til vi får igjen. Styret vedtok å difor å gjere «det vesle ekstra», og gjekk utover budsjettamma som årsmøtet vedtok. Dette vart gjort med bakgrunn i søknadar om midlar, noko vi heller ikkje hadde budsjettert med, kombinert med andre inntektsaukande tiltak. Jubileumsbasaren gav t.d. ca. 60.000,- kr. Vi sende brev til næringslivet i Gloppen om stønad og dette har gjeve ca. 50.000,-. Vi har inne søknadar til bedehusfondet som Normisjon region Sogn og Fjordane disponerer og til fylkeskommunen på til saman over 300.000,-. Får vi tilsegn på desse, er vi heilt i ballanse.



Eit nydeleg nordlys over bedehuset søndag 5. nov

Uansett er vi nøgde med at desse tiltaka har gjeve bedehuset eit skikkeleg løft og ei betydeleg utbetring i høve dagens bruk. Tiltaka legg også til rette for utvida bruk, både av oss sjølve og andre. Vi ønskjer at bedehuset i ennå større grad kan verte eit godt brukshus for bygda. Det vil også kunne bidra til å finansiere framtidige utbetningsprosjekt i større grad.

Takk!

Styret vil rette ein stor takk til alle som deltok i dugnadsarbeidet. Mange har bidratt, nokre få har gjort enormt mykje. Særleg takk til dykk! De har alle vore med og gjeve ei stor gåve til fellesskapet. Dette er ein praktisk måte å ha teneste på, ei teneste som er like verdifull som forbønstenesta eller å leie møte eller spele musikk.

Positivt samarbeid



Møtepunkt B er ikkje ei øy åleine, men er ein del av det kristen arbeidet i Gloppen. Her ønskjer vi å vere ein positiv samarbeidspartner og bidragsytar. Også i år var vi med på felles pinsegudsteneste, som grunna dårleg vêr vart flytta inn frå TIN-campen til Sandane kyrkja. Vi er også med på Åpne Dører-gudsteneste, som er søndag for forfulgte. Vi opplever å stå i positiv dialog om gatekyrkja på Sandanedagane og mange av oss som er med i Møtepunkt B er også engasjerte og delaktige i kyrkjeleg arbeid som er forankra i


andre samanhengar.

Det er både fint og godt å stå saman om oppdraget om å vere Jesu hender og føter lokalt, og for oss som har visjonen «Jesu kjærleik for våre bygder gjennom våre liv» er dette svært naturleg og noko vi vil halde fram med å gjere.



Økonomi

Vi har ein stabil og sunn økonomi, slik styret ser det, men har også behov for å auke denne. I fastgjevarteneste kom det i 2023 inn **kr 354.400,-** (2022: 324.150,- 2021: 219.200) Dette er ei god utvikling i eit år der privatøkonomien for dei fleste er vorte strammare. Takk til alle fastgjevarar! Det er utruleg flott og det er denne gjevartenesta som gjev føreseieleleg stabilitet. Som det går fram av grafen under svingar det noko frå mnd. til mnd. Dette handlar om litt ulik måte å tilrettelegge gjevartenesta si på. Toppene er samanfallande med feriepengar i juni og halv skatt på lønningar som mange har i november. Dei 30 gjevarane vi har, gjev altså eit snitt på 29.533,- kr i mnd. Tenk om vi klarte å rekruttere 10 nye fastgjevarar i 2024?!!



Vi ønskjer å komme dit at vi kan drive alt som skjer på bedehuset på fastgjevarteneste, og så gje vekk det meste av kollektar. Vi ønskjer t.d. å prioritere meir til misjon. Difor vil no annankvar kollekt gå til Bangladesh i 2024. I ei tid med usikkerheit rundt regionen si framtid kan vi fort komme inn i ein røyndom der vi sjølve må sjå både moglegheit og ansvar å setje av meir midlar til f. eks ei barne- og ungdomsstilling. 20% stilling som forsamlingsleiar ser vi også som eit absolutt minimum med dagens aktivitetsnivå.

Sjølv om mykje vart gjort på bedehuset i 2023 er det ennå store behov for modernisering og fornying. Alt dette gjer at vi må vere både edruelege og bevisste og arbeide godt med økonomisk forvaltning og utvikling i åra som kjem.

I kollektar det gjeve **69.775,- kr.**(2022:ca 67.000) Vi er takksame for alle gåvene som er gjevne, både store og små.

Jubileumsbasaren gav **58.422,-** kr i reine inntekter.

Elles kan nemnast:

- Møtepunkt B bidrog også til TV-aksjonen (som gjekk til Røde Kors) i 2023 med **kr 4000,-**
- **8000,- kr.** vart vidaresendt til misjonsprosjektet vårt i Bangladesh (10% + av kollekt).

Ved utgangen av 2023 syner balanserekneskapen ein eigenkapital og gjeld på ca. **kr 334.585,-**

Det syner at årets utbetningsprosjekt har tappa eigenkapitalen vår betydeleg.

Styret vil også nemne at vi er takksame for den jobben som Kjell Magne Birkelund gjer med å halde orden og oversikt over økonomien vår. Spesielt for dette året har det vore mykje arbeid.

Medlemmar

Medlemskap er ikkje noko vi har vore veldig «pushy» på. Men det er ein liten indikator på stoda. Generelt er det å seie at medlemsmassen er langt mindre enn det det gudstenestefeirande fellesskapet kvar søndag er. Positivt tyder dette at vi har ein god masse av folk tett på oss som kan inviterast inn i medlemskap.

I 2023 hadde vi

33 vaksne (2022: 26) medlemmar i Møtepunkt B og

40 medlemmar (2022: 33) innmeldt i Møtepunkt Barn.

Potensialet for mange fleire er absolutt til stades.

Takk!

Styret vil takke alle involverte medarbeidarar, forbedarar og gjevarar. Takk til leiargruppa for stor innsats. 2023 vart eit godt år med over 2000 deltakara på gudstenester, enorm dugnadsinnsats, nye smågrupper, gjevarrekord og utvikling av bedehuset. Møtepunkt B er drive av og bygd på frivillige som bidreg med evner, talent, nådegåver og gjevarteneste. Takk til deg som er opptekne av barna. Takk for engasjement for ungdommar. Takk til deg som har syn for det praktiske. Takk til deg som bruker dine musikalske evner og velsignar fellesskapet. Takk til teknikarane, talarane, møteleiarane, forbedarane. Takk til deg som har bygd ting, reparert ting, forbeta ting.



Som styre er vi useieleg stolte av og takksame for alt engasjement Møtepunkt B er plattform for. Det er noko å forvalte og det skapar forventning til framtida og tru på at vi skal få halde fram med å halde ryktene om Jesus levande i Gloppen og i Nordfjord.

Vi har forventning til kva Gud ønskjer å gje til og gjere gjennom oss. Møtepunkt B har vakse og blomstra fram - og vi er her for å bli! Så velkommen med vidare på reisa.

Styret i Møtepunkt B